

Fitjar kommune

Postboks 83

5418 Fitjar

Vår dato: 12.09.2023

Vår ref: 2023/5826

Dykkar ref:

Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på høring - Fitjar kommune

Det vert vist til Fitjar kommune sitt planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet vert vurdert å vera i samsvar med formelle krav, og å vera utfyllande og føremålstenleg.

Stord og Fitjar kommunar har mykje samarbeid både formelt og uformelt. Me er del av same arbeidsmarknad. Innbyggjarane i våre to kommunar har mange felles sosiale strukturar, nyttar seg av fritids- og kulturtilbod og friluftsliv- og naturområde i begge kommunane. Stord kommune arbeider også med ny arealdel til kommuneplanen der tidsplanen tilseier førstegongshandsaming våren 2024. Me trur det kan vera føremålstenleg med dialog/samhandling om tema på tvers av kommunegrensene, herunder bruk av grenseareala, klima – og energi, og planlegging av næringsområde på land og i sjø.

Når det gjeld planprogrammet punkt 5.10 *Energiproduksjon – Vindmøller, solcellekraft, kjernekraft*, vert det vist til Formannskapet i Stord kommune sitt vedtak om høyringsuttale til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. I vedtaket står det mellom anna:

Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei vidare utbygging av vindkraft på Stord må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet

Sunnhordlandskommunane har jobba mykje i lag med strandsoneforvaltning. Dette er eit viktig og utfordrande tema i arealplanlegginga i kommunane våre. Stord kommune registrerer at revidert kartlegging av funksjonell strandsone i Fitjar kommune skal fylgje Nordland fylkeskommune sin rettleiar. Dette er eit arbeid me vil fylgja med interesse.

Stord kommune ynskjer Fitjar kommune lukka til i arealplanarbeidet, og me ser fram til dialog og samhandling i planarbeida våre.

Med helsing

Rannveig Gramstad
Samfunnsplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

